



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 29.04.2026

Protokoll møte 3 - 26 i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Tysdag 28.04.2026. kl. 17.00 – 18.00 på Alværa kyrkje og misjonscenter.

Innkalla:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Elisabeth Johansen, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik og Andreas Ester

Kopi av innkallinga går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Aud Saxrud, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, postmottak Høyanger kommune.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale- kom som varsla, seint, Vidar Myren, Andreas Ester, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Kjersti Søreide og Terje Søreide. I tillegg var prost Knut Magne Nesse med oss på dette møtet.

Meldt forfall: *Elisabeth Johansen og vara kunne heller ikkje møte.*

Forfall: *Frode Merkesvik*

Sakliste:

Opning av møtet:

- **innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 26.03.2026 vart godkjent.**
Til saklista kom det til to meldingssaker – sjå sak 14 og 15. Sakene vart tatt i denne rekkefølga: Først meldingssak 14, så vedtakssak 010/26 og deretter resterande saker i rekkefølge.
- **Soknepresten har ordet:**
Søndagens tekst frå Johannes evangeliet, handlar om vintreet, der Jesus seier: Eg er vintreet, de er greinene. Om de er i meg ber de mykje frukt. Vi er saman eitt med Kristus – og vi skal bere frukt i den jobben vi gjer.

Meldingssaker:

10 Dugnader utført på kyrkjer og gravplassar

Fellesrådet vart orientert om det arbeidet som hadde vorte gjort på gravplassane og i kyrkjene frå representantane frå dei einskilde sokna. Mykje godt arbeid er utført.

11 I høve vedlikehaldsplan og framdrift, kyrkjegardar og kyrkjer .

Ortnevik kyrkje og Bjordal kyrkje vart måla begge sist måla i 2016.

Ein vedlikehaldsplan må til ei viss grad vere levande. Trong for vedlikehald kan dukke opp når som helst, og ein må kontinuerleg prioritere. Det syner seg at sørveggen på Ortnevik kyrkje og treng å målast opp att snarast, Dette er no kome inn i planen som skal handsamast i møtet i juni.

12 Kyrkjeverja har ordet.

To orgel treng tilsyn. Orgelbygger Matthias Becker vil kome med ein tilstandsrapport frå orgla i Lavik og Høyanger.

Vikaren på kontoret har fått avtale for nye to månader som sekretær, i samarbeid med NAV. Det er usikkert kor lenge me har ledig stilling til henne. Sekretæren i fast stilling kjem etter planen tilbake i løpet av august, men permisjonen hennar kan bli forlenga. Det vert framleis jobba med å få på plass faktureringa frå Visma.

13 Arbeidsreglement, permisjonsreglement og tilsettingsreglement

Desse blei gjennomgått og drøfta. Innspel blir teke med i det vidare arbeidet i arbeidsgruppa som er vald.

14 Revisjonsmelding for 2025

Rekneskapen er funnen rett og er godkjent.

15 Kjøp av mobiltelefon

Kyrkjeverja har søkt om støtte til å kjøpe telefon. Han ynskjer å bruke sin private telefon i jobben. Her har han både jobbabonnementet og privatabonnementet tilgjengeleg. Jobbabonnementet er dekt av HKF.

Fellesrådsleiaren godkjente denne søknaden og reknar saka som ferdig handsama om ikkje fellesrådet har innvendingar til dette.

Vedtakssak:

010/26: Setje av midlar til garantifond i KLP

Vedtak:

Posten «Pensjonsinnskott – KLP» vart ved budsjetthandsaminga i sak 013/25 fastsett til ein sum, som viser seg å vere høgare enn det KLP reknar med premien for 2026 vil verte.

HKF opprettheld vedteken innskottssum, og vil bruke differansen til oppbygging av eit garantifond innanfor KLP, etter skisse framlagd av Kyrkjeverja i dette møtet.

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd